

Vedlegg 4: Fordeling av tilskot til miljøorganisasjonar

Formålet med tilskotsordninga er å fremje lokalt engasjement for miljø, klima og natur i fylket. Miljøorganisasjonar eller andre organisasjonar som jobbar med klima og miljø kan søke. Søknadsfrist 30. april i 2021.

Tittel	Søkar	Søkt om	Innvilga	Skildring frå søknad
Søknad om tilskot til drift av Naturvernforbundet Hordaland	Naturvernforbundet Hordaland	500 000	500 000	Naturvernforbundet Hordaland er eit av dei største og mest aktive fylkeslaga i den eldste demokratiske miljøorganisasjonen i Noreg. Me frontar eit heilskapleg perspektiv på berekraftig utvikling og engasjerer oss i eit breitt spekter av tema, gir innspel og arbeider med konkrete saker og planprosessar. Samstundes jobbar me for å trekka dei store linjene mellom dei globale miljøproblema og dei lokale løysingane. Me skapar møteplassar og arenaer for læring, diskusjon og debatt for vestlendingar.
Søknad om tilskot til drift av Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	300 000	250 000	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane søker om støtte til drift, og ser på støtte frå VLFK som avgjerande for å sikre både kapasitet og fagleg styrke til å vidareutvikle organisasjonen, der ambisjonen er å vere ein vesentleg partner for alle aktørar i den nordlege delen av fylket som vil utvikle seg til å bli meir berekraftige, natur- og klimavennlege.